



# Planstrategi for Vik kommune 2016 -19

## Høyringsdokument

Vedtak Vik Formannskap 8.12.2016

### INNHALD:

- 1 Samandrag
- 2 Rammer. Lovgrunnlag.
- 3 Organisering. Prosess
- 4 Status og utfordringar
- 5 Planverk og planbehov.
- 6 Tiltrådde endringar

### Vedlegg 1



# 1 Samandrag

Planstrategien drøftar utfordringar og utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere **planbehovet** i kommunestyreperioden.

Kva er viktige utviklingstrekk og endringar i kommunen og i samfunnet sidan siste kommuneplanvedtak?

Kva har dette å seia for kommunen sitt planverk?

Kva trengst av endringar i eksisterande planar?

Kva trengst av nye planar ?

Dei viktigaste utfordringane for Vik kommune på kort og mellomlang sikt er vurdert å vera:

- Mottak, busetting og integrering av flyktningar.
- Bustadforsyning. Skaffa fram eigna bustader og tomter
- Ny anleggstid i Vik: Goteviktunnelen m. m.
- Folketalsutvikling og kommuneøkonomi.
- Kommunereforma.

På bakgrunn av dette er fylgjande planar og plantiltak vurdert å vera særleg viktige i valperioden:

## **Kommuneplanen.**

Revisjon av arealdelen til kommuneplanen, med særleg fokus på areal for bustader og næring i Vik sokn.

## **Delplanar og temaplanar:**


Skulebruksplan, bustadpolitisk handlingsplan, ny hovudplan vatn og avløp (VA), hovudplan for skogsvegar, kulturminneplan. Revisjon av beredskapsplan, kulturbyggplan m.fl.

## **Reguleringsplanar :**

Ferdigstilling av oppstarta regulerings planar for Tenål (bustadområde), Vikja - Seimsvegen (næringsareal) og Vik sentrum sør (Vik fengsel m.m.)

Oppstart reguleringsplan Feios skule og bustadområde, og for næring/industri på Vangsnes.

*Folkehelse* skal vera eit viktig omsyn i alle planar .



Vikøyri 1915



## 2 Rammer. Lovgrunnlag.

### Generelt. Formål

Kommunal planstrategi er eit lovpålagt tiltak. Det er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere *planbehovet* i kommunestyreperioden.

Spørsmål å drøfta:

- Kva er viktige utviklingstrekk og endringar i kommunen og i samfunnet sidan siste kommuneplanvedtak?
- Kva har dette å seia for kommunen sitt planverk? Kva trengst av endringar i eksisterande planar?
- Kva trengst av nye planar ?

### Plan- og bygningslova § 10-1 Kommunal planstrategi:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en *kommunal planstrategi*.

Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om kommunal planstrategi.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. ---

Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling, jamfør lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven § 10-1 om kommunal planstrategi.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen.»

### Andre grunnlagsdokument og overordna føringar:

- «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» ( Regjeringa, 12.6.2015)
- Regional planstrategi (SFJ 2016)
- Folkehelseprofil for Vik 2016 (Folkehelseinstituttet)
- Notat m. statistikk og analysar for Vik kommune frå Sogn og fj. Fylkeskommune/Fylkesspegelen.

### 3 Organisering. Prosess

#### Organisering

Prosjektansvarleg:	Rådmannen
Prosjektleiar:	O.Wiik
Styringsgruppe:	Formannskapet
Arbeidsgrupper:	
- Administrativt:	Leiargruppa (LG) og Plangruppa (PG)
- Politisk:	Kommunestyret

#### Prosess. Framdrift

KS= Kommunestyret LG= Leiargruppa PG= Plangruppa R= Rådmann PL= Prosjektleiar

FS= Formannskapet KS= Kommunestyret

Tid	Kven	Føremål
Febr. 16	Notat frå R/PL	Om planstrategi. Føremål, opplegg og organisering
Febr.16	Møte LG og PG	Drøfta opplegg, organisering og framdrift.Fordela ansvar Gjennomgang av grunnlagsnotat frå R
Mars 16	R	Utkast planstrategi klart
Mars 16	KS LG og PG møter.	Arbeidsmøte/plandag i kommunestyret 10.3.2016 Gjennomgang grunnlagsdokument og framlegg frå adm.
Haut 16	LG og PG og FS	Rev. og supplering av strategidokument
Des. 16	R og FS	Kunngjering/offentleg ettersyn
Jan 17	R, LG,PG	Vurdering av innkomne merknader. Supplering/endingar i plandokumentet.
Februar 17	Møte KS	Vedtak planstrategi.

### 4 Status og utfordringar

#### Generelt

Nedanfor er omtalt utviklingstrekk og utfordringar på viktige område og tema som er relevante for kommunen sitt planverk.

Dokumentet Økonomiplan gjev oversyn over status og utfordringar pr 2016/17

Gjennomgangen nedanfor hentar ein del av opplysningane frå Økonomiplandokumentet.

#### 4.1 Folketalsutvikling

#### 4.2 Flyktningar og integrering.

#### 4.3 Bustader

#### 4.4 Samferdsel.

#### 4.5 Næringsutvikling og sysselsetting.

#### 4.6 Kommuneøkonomi

#### 4.7 Off. tenester: Helse, omsorg, oppvekst, kultur.

#### 4.8 Samfunnstryggleik, klima og miljø.

#### 4.9 Folkehelse og universell utforming

#### 4.10 Kommunereforma



## 4.1 Folketalsutvikling.

Frå 2000 til 2016 er folketalet i Vik Kommune redusert med 256, frå 2945 til 2689.

Siste 4 år er folketalet uendra, med auke siste 2 år. Pr.1.7.2016 var folketalet 2706.


Utan busetting av om lag 50 flyktningar i perioden ville Vik hatt vidare nedgang i folketal.

Vik Kommune har og hatt stor innvandring frå utlandet etter 2000.

1 av 10 innbyggjarar har no utanlandsk opphav. Av desse kjem 7 av 10 frå Europa.

Hovudmål i Kommuneplan av 2012 er å snu folketalutviklinga. Registrert utvikling siste åra syner at ein har lukkast eit stykke på veg, men det er langt att til målet om 2800 i 2024.


Dei underliggjande demografiske trekk med vedvarande fødselsunderskot og aukande del eldre gjer at berre *tilflytting* kan gje auke i folketalet.



### Hovudtrekk i framskriving 2016 - 20 :


- Uendra tal born i barnehage- og ungdomsskulealder.
- Nedgang på 19 born i aldersgruppa 6-12 år (barneskule)
- Nedgang på ca 50 i aldersgruppa 16-66 (yrkesaktive)
- Auke med 17 personar i aldersgruppa 67 år og eldre .

NB! Busetting av flykningar vil truleg gje høgare tal enn dei som går fram av SSB si framskriving.



**Hovudtrekk i framskriving for gruppa 67 år og eldre:**

- Talet på eldre over 67 år aukar frå 600 i 2016 til 617 i 2020, og vidare til 685 i 2040
- Tal eldre over 80 går ned med 12 fram til 2020, men aukar med 90-100 fram mot 2040





## Folketalsutvikling i krinsane. Endringar

Kjelde: SSB sine tal for grunnkrinsar.

Sokn	2005	2012	2016	Endring 2012-16	Endring 2012-16 %
Vik Hovedsokn	1851	1801	1769	- 32	- 1,8%
Fresvik	257	211	203	- 8	- 4 %
Feios	243	237	236	- 1	- 0,4%
Vangsnes	342	336	329	- 7	- 2 %
Arnafjorden	182	163	152	- 11	- 6,7 %

## Folketalsutvikling i krinsane. Hovudtrekk.

- Alle sokner har nedgang i folketalet
- Tidlegare svak vekst i folketal i Feios og Vangsnes er snudd til svak nedgang i perioden.
- Soknene Arnafjorden og Fresvik størst prosentvis nedgang i perioden
- Vik hovudsokn har tilnærma stabilt folketal i Flatbygdi , og reduksjon i dalane.

## «Terskelsamfunna» Fresvik og Arnafjorden.

Innbyggjartalet i bygdene Fresvik og Arnafjorden nærmar seg ein kritisk *terskel*.

Dersom folketalet går ytterlegare ned kan grunnlaget for viktige fellesfunksjonar som skule og lokalbutikk verta for lite.

Aktuelle tiltak:

- Samarbeid om bygdeutvikling Vik Kommune og lokale bygdelag. Gjennomgangsbustader.
- Vidareføring og utvikling av Prosjektet «Velkomen til Vik» .

## 4.2 Flyktningar og integrering.

Vik Kommune busette i 2015 og 2016 47 flyktningar, medrekna familiegjenforening.

Av desse er 3 *einslege mindreårige (EM)*

Kommunen er bedd om å busetja 47 i åra framover.

Samla utgjer dette 94 personar.

I tillegg kjem evt. familiegjenforening.

Dette stiller store krav til mottaksapparatet og det øvrige samfunnet, men gjev samstundes auka sysselsetting og verdiskaping.

Det utløyser og eit stort *bustadbehov*. Det er no registrert mangel på eigna bustader til utleige.

Busetting av flyktningar forsterkar behovet for ein *bustadpolitisk handlingsplan*.

Behovet for ein eigen *temaplan for busetting av flyktningar* skal vurderast.

Kommunen har og relativt mange *arbeidsinnvandrar* med behov for m.a. norskopplæring.

1 av 10 innbyggjarar i kommunen er no av utanlandsk opphav. Av desse er 7 av 10 frå Europa.

Innvandrar utgjer no ein viktig del av arbeidsstyrken i Vik.

Det skal vurderast å oppretta frivilligsentral i Vik, m.a. for å koordinera og styrka frivillig innsats mot integrering, og aktivisera innvandrar/flyktningar til frivillig arbeid.

### 4.3 Bustader og bustadtomter Pr. 1.12. 2016 er status:

Bustadmassen i Vik er ikkje godt tilpassa faktisk husstandsstorleik og venta utvikling mot fleire små husstandar. Det er for få småbustader (leilegheiter/rekkehus) i høve til tal einebustader. Det er også for få bustader til leige. Mangel på eigna bustader er no ein flaskehals og eit hinder for tilflytting. Hovudmålet for kommuneplanen er å snu folketalsutviklinga: 2 800 innbyggjarar i 2024. Nødvendig auka tilflytting for å nå dette målet medfører eit byggebehov på 8-10 bustader pr. år. Målet om auke i folketalet, medfører eit samla behov på 18-20 bustader pr. år i planperioden fram til 2024. I plansamanheng blir det lagt til grunn ei fordeling mellom einebustader og småbustader. Det er i kommuneplanen lagt opp til ei satsing på Vangnes som utbyggingsområde for å avlasta Vik sentrum/Flatbygdi. Bygging av konsentrerte småbustader vil i hovudsak skje som fortetting i Vik sentrum.

Det er også lagt opp til etablering av gjennomgangsbustader i grendelaga Arnafjorden, Feios og Fresvik. Sterk auke i busetjing av flyktingar, aukar trongen for bygging av kommunale utleigebustader. Tenål er i kommuneplanen peika ut som framtidig bustadområde for einebustader i Vik sentrum. Området er for tida under regulering.

#### Tomter for einebustader . Status pr. 2016

<b>Vik Sogn</b>	Ingen byggeklare kommunale tomter. Private tomter: 3-4 i området Tenål-Følid. Eit fåtal i sentrumsområdet. Nytt bustadområde på Tenål under regulering .
<b>Arnafjorden</b>	1 kommunal tomt på Odlane. Område «Odlane 2» avsett i kommuneplan Private regulerte tomter til sals i Indrefjorden .
<b>Vangnes</b>	Ingen kommunale tomter. Kommunalt felt Tråna 2 under opparbeiding. Venta byggeklare tomter vår 2017. Store område lagt ut i kommuneplan, med krav til regulering. Ingen privat regulering er oppstarta.
<b>Feios</b>	2-3 ledige kommunale tomter i Rinde 2. Ingen kjende private tomter. Nytt område lagt inn i kommuneplanen med krav til regulering. Bør startast planarbeid 2017.
<b>Fresvik</b>	2 Kommunale tomter i regulert område Grundeland venta byggeklare vår 2017. Ingen kjende private tomter til sals. 2 nye område avsett i kommuneplan 2014, med krav til regulering.

#### Byggeområde for konsentrerte småhus.

I sentrumsområdet i Vik er det i arealdelen til kommuneplanen avsett fleire område til konsentrert bustadbygging med minstekrav til utnytting 2,5 bustader/daa:

Område	Status	Tal bustader
<b>Galilea .</b>	Reguleringsplan godkjend. Eigar: OVF. VK forhandlar om grunnkjøp	12-15
<b>Øenmarki</b>	Eigar Vik Kommune. Forutsett utbygd av privat utbyggjar på grunnlag av konkurranse.	15-25
<b>Ara</b>	Eigar er Sogn Bygg og montasje. Krav til regulering.	10-15
<b>Sæbø 2</b>	Privat eige. Reguleringsplan godkjend 2016	50 -60

Det er ikkje realistisk å rekna med ferdige bustader på nokon av desse områda før 2018.



## Vurdering

Samla sett er det sett av tilstrekkeleg areal til bustadbygging fram til 2024 i arealdelen til KP.

Erfaringa er at det tek lang tid frå kommuneplan til byggeklare tomter.

Det er difor grunn til å starta planarbeid på overordna nivå med tanke på utbyggingsareal ut over 2024, og med tanke på ein større meny av aktuelle område.

Innsatsen for å få fram byggeklare tomter må forsterkast.

Det er etter kvart kjent at tomte- og bustadmarknaden fungerer dårleg i mindre kommunar/samfunn, med tanke å få fram eit eigna bustad- og tomtetilbod, og at *kommunen* må ta ein aktiv rolle for å hindra at tomte- og bustadmangel vert ein flaskehals for utvikling .

Detskal vurderast å skipa eit *kommunalt tomteselskap* som kan stå for langsiktig utvikling av tomteland.

Det skal utarbeidast ein *bustadpolitisk handlingsplan*.

## 4.4 Samferdsel. Vegar

Samferdsle og kommunikasjonar er kanskje den største utfordringa for Vik kommune.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika på fylgjande utfordringar:

- Usikker RV 13 over Vikafjellet.
- Dårlig ferjefrekvens og ingen nattferje til/frå Vangsnes.
- Rasutsett RV 13 Vik-Vangsnes og FV 92 Vik-Arnafjord.
- Dårlig breibandsdekning og mangelfull mobildekning.

Breibandsdekninga er blitt noko betre ved at det er etablert fiber i deler av Vik sentrum og på Vangsnes. Det er vidare vedteke utbygging i Feios.

Kommunestyret vedtok *Strategiplan for informasjonateknologi* i 2016.

Det er forventa anleggsstart på Goteviktunnelen i 2017.

Trass i desse positive utviklingstrekk, er det framleis store uløyste kommunikasjonsutfordringar. Særskilt blir det ustabile sambandet sørover mot Voss sett på som den største hindringa for ei meir positiv utvikling av lokalsamfunnet.

Arbeidet med dei store vegprosjekta omtale over vil medføra stor anleggsaktivitet i Vik i ein lang periode.

Aktiviteten gjev og *utfordringar*, m.a. med omfattande massetransport gjennom Vik sentrum , og planavklaring av område for massedeposering m.a. i Bødalen .

## 4.5 Arbeid og næring. Ny anleggstid.

Kommunen har siste 15 år hatt stabilt låg registrert arbeidsløyse mellom 0,5 og 1,6% av arbeidsstyrken. Utfordringa har vore å rekruttera nye folk med rett kompetanse til stillingar både i offentleg og privat verksemd. Nedgang i oljenæringa kan gjera det lettare å rekruttera til anna verksemd , også i Vik.

Ein relativt stor del av arbeidsstyrken i kommunen er på veg inn i pensjonsalder.

Dersom ein lukkast å erstatta dei med yngre familiefolk, ligg det også her eit potensiale for folketalsauke.

## Store anleggsarbeid.

Frå 2017 går Vik inn i ein periode med store anleggsarbeid:

Goteviktunnelen (2,8 km) har pårekna byggestart 2017. Utfordringar for Vik kommune er å leggja til rette for eigna massedepot , samt ein omfattande massetransport gjennom sentrum .

Det er og grunn til å venta oppstart av andre store anlegg i nær framtid:

Vikafjelltunnelen og Feios kraftverk.

Konsekvensar for Vik i anleggstida:

- Oppdrag/arbeid for lokale entreprenørar.
- Auka omsetning for lokalt næringsliv
- Stor anleggstrafikk: støv, støv, m.m.

Vik Kommune har og planar for større bygge- og anleggstiltak i valperioden:

- Bustader for funksjonshemma, opparbeiding av bustadfelt Tråna 2 på Vangsnes
- Rassikring i Badnadalen og opparbeiding av nytt bustafelt på Tenål.
- Ein stor del av *skogreisingskogen* planta på 1950-talet og seinare er hogstmogen, og det er behov for å byggje mange km med skogsbilvegar og traktorvegar. I tillegg må det leggjast til rette for tømmertransport på offentleg veg mellom skogvegane og tømmerkaia i Feios (fjerne «flaskehalsar»).

## 4.6 Kommuneøkonomi

Dei økonomiske rammevilkåra for Vik Kommune er vesentleg endra etter planvedtak 2012.

Etter forlik med DNB bank ASA i juni 2015 vart oppsamla gjeld på 36mill kr gjort om til ei fondsavsetjing pr.1.1.2016 på ca 25 mill kr.

Dei økonomiske utfordringane er likevel store, av fleire grunnar. Dei viktigaste er:

- Eit stort etterslep på vedlikehald og investeringar etter Terra-perioden.
- Vesentleg reduserte inntekter av konsesjonskraft og kraftanlegg på grunn av låge straumprisar. Reduksjonen utgjer samla i storleiksorden 15mill, og kan bli større framover.

Vik kjem relativt godt ut i det nye inntektssystemet med gradert basistillegg.

Vik har og relativt låg lånegjeld pr. innbyggjar.

Kommunen er pr. des. 2016 ute av Robeklista.

## 4.7 Offentlege tenester.

### Helse og omsorg.

Talet på eldre over 67 år er venta å auka frå 600 i 2016 til 617 i 2020, og vidare til 685 i 2040.

Tal eldre over 80 er venta å gå ned med 12 fram til 2020, men aukar med 90-100 fram mot 2040

Det er venta ein auke i demens-lidingar.

Dette vil på sikt utløysa behov for fleire stillingar i sektoren, i tillegg til betre bruk av ressursane.

Det må satsast meir på førebyggjande tiltak i heimen, og nye småbustader med universell utforming.

Eksisterande reguleringsplanar opnar for naudsynt nybygging/ombygging på VBS .

Kommunedelplan for Helse og omsorg vart vedteken i 2014 og treng ikkje revisjon i valperioden.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Det er behov for *ein heilskapleg plan* for utvilking av VBS og kommunale omsorgsbustader, der

tilhøve mellom institusjonsplassar , omsorgsbustader og heimebasert omsorg vert avklara.

Dette planarbeidet skal starta i 2017.



### Oppvekst og kultur

SSB si framskriving av tal born i aldersgruppa 1-15 år fram til 2020 syner:

- Uendra tal born i barnehage
- Uendra tal born i ungdomsskulealder.
- Nedgang på 19 born i aldersgruppa 6-12 år (barneskule)

Sjølv med godt utviklingsarbeid og auka tilflytting er det ikkje realistisk å venta auka barnetal.

Redusert behov for pedagogisk personale i vanleg skule kan i nokon mon verta kompensert med auka behov innan undervisning av flyktningar/innvandrarar.

Utvikling i barnetal tilseier ikkje behov for større nybygg i skular og barnehagar.

Sjå utfyllande dokumentasjon og framskriving i økonomiplan 2017-20

Detskal vurderast om det er naudsynt/ynskjeleg med bygningsmessige og organisatoriske tilpassingar til reduserte barnegrupper.

Det kan og utløysa behov for strukturtiltak, mellombels eller permanent.

Dette må avklarast i ein *skulebruksplan*.

Det er behov for nyregulering av området rundt Feios skule for å få eit framtidretta skuleområde.

Det er starta opp eit planarbeid for å avklara nye lokale for Kulturskulen og det frivillige musikklivet i Vik. Dette arbeidet må fullførast i valperioden.

Kommunedelplan for skule vart vedteken i 2014. Barnehagar er ikkje handsama i planen, og må innarbeidast i revidert plan i valperioden.

### NAV

NAV har hovudansvar for busetjing og oppfølging av flyktningar som kjem til Vik Kommune

NAV melder om auka behov for personalressurar og eigna bustader for å handtera auka tal flyktningar .



Fresvikfjella

## 4.8 Samfunnstryggleik. Natur og miljø.

### Naturfare og klimatilpassing

Store område i kommunen er aktsemdsområde for skred og /eller flaum.

For Flatbygdi og lisonane på begge sider er det no laga geologiske rapportar og fastsett reelle faresonar (etter TEK10) for skredfare. Eit fåtal eksisterande bygningar ligg i faresoner med høgare risiko enn det bygningstypen tilseier.

NVE sitt flaumsonekart frå 2005 dekkjer nedre del av flatbygdi. Vik Kommune vil be NVE om ein oppdatert versjon som dekker ein større del av elveløpet, og der konsekvensar av forventa auka nedbør er medrekna.

Omsyn til *stormflo* og venta *havnivåstigning* er ivareteke i eksisterande arealdel til kommuneplanen.

### Ureining

I 2007 kom den norske *Vannforskriften*, som gjer EU sitt vassdirektiv til norsk rett.

Regional plan for vassforvaltning 2016-21 (vedtak Fylkestinget des.15) set miljømål for kvar vassførekomst. Målet er god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar innan 2021.

Miljømål kan setjast mindre strenge for regulerte vassdrag.

Dei to regulerte vassdraga Vikja og Hopra har ikkje tilfredsstillande vasskvalitet, på grunn av tidvis svært låg vassføring og ureiningspress frå aktivt landbruk og urensa kloakkutslepp.

Vikja er nasjonalt laksevassdrag. Dårlig vasskvalitet medverkar til høgt tap av smolt.

Vik kommune vil i løpet av 2016 krevja revisjon av konsesjonsvilkåra, der krav om *auka minstevassføring* vil stå sentralt. Auka vassføring vil betra elvane si sjøltreinsande evne.

Rapport frå *Bioforsk (2013)* om tilførsel av næringsstoff frå landbruk i Vikja og Hopra vart laga på oppdrag frå Vik Kommune

Vik Kommune arbeider no med oppfylgjing av påviste tiltakspunkt.

Tiltak for å redusera ureiningspress frå avløp bør omtalast i ny *hovudplan for vatn og avløp*.

### Naturmiljø

Ein stor del av vasskraftpotensialet i Vik kommune er utbygd, og ei rekkje mindre attverande vassdrag er under konsesjonshandsaming. Det hastar med å ta stilling til kva vassdrag som bør skjermast for utbygging, etter ei samla vurdering. Ei slik vurdering bør gjerast i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, som alternativ til ein eigen *delplan*.

Landbruk er og vil vera ei viktig næring i Vik kommune. Dyrka og dyrkbar jord må forvaltast med varsemd. Temaplan «*Kjerneområde landbruk*» skal oppdaterast som grunnlag for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

### Støy

Plagsom støy er i hovudsak knytt til vegtrafikk langs deler av RV13.

Det er på kort og mellomlang sikt venta auka *anleggstrafikk* på strekninga Vangnes-Bødalen, og (om lag) ei dobling av *årsdøgntrafikken* på same strekning når Vikafjelltunnelen er ferdig.

Konsekvensar av dette bør klarleggjast i form av *støysonekart*.

### Branntryggleik på Vikøyri.

Det tettbygde strandsitjarmiljøet på Vikøyri er sårbart for brann. Plan for eit felles *varslingssystem* for det verna området må innarbeidast i Plan for brannvern i Vik ved første revisjon.



## 4.9 Folkehelse, friluftsliv og universell utforming.

Folkehelseprofil 2016 for Vik kommune syner at folk i Vik ikkje avvik vesentleg frå normalbefolkninga.

Kommunen utmerkar seg positivt med høg valdeltaking, få born i hushald med einsleg forsyntar, samt mindre psykiske lidningar og diabetes 2 samanlikna med landsgjennomsnitt.

Kommunen utmerkar seg negativt med høg del uføretrygda og folk med muskel-og skjelettplager, samt lågare del med god drikkevassforsyning, samanlikna med landet.

Friluftsliv og bruk av naturen er viktig for folkehelsa i Vik kommune. Eksisterande nedteikna kunnskap om kva område som er viktige er mangelfull.

Mangelfull kunnskap om verdifulle friluftsområde kan føra til at utbyggingstiltak øydelegg eller forringar dei i vanvare. Kommunen har starta opp registrering og verdisetting av friluftsområde i Vik Kommune, for å få eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltning, og for revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Berre eit fåtal offentlege bygg har fullgod universell utforming.

## 4.10 Kommunereforma.

Det er venta avklaring om Vik Kommune og kommunereforma innan 2017.

Aktuelle alternativ har vore vurderte.

- Samanslåing med Voss og Aurland
- Samanslåing med Balestrand, Leikanger, Sogndal
- Halda fram som eigen kommune

Kommunestyret vedtok i 2016 at Vik vil halda fram som eigen kommune.

Prosessane rundt kommunereforma har teke mykje tid og fokus .

## Samla vurdering.

Dei viktigaste utfordringane og venta utviklingstrekk for Vik kommune på kort og mellomlang sikt er:

- Mottak, busetting og integrering av flyktningar.
- Bustadforsyning. Skaffa fram eigna bustader og tomter
- Ny anleggstid i Vik: Goteviktunnelen m.m.
- Folketalsutvikling og kommuneøkonomi .
- Kommunereforma.



Arnafjord kyrkje

## 5 Vik Kommune sitt planverk og planbehov.

### 5.1 Generelt

### 5.2 Kommuneplan 2013-24

### 5.3 Vik Kommune sitt planverk. Status og vurdering

#### 5.1 Generelt.

Det er ressurskrevande å utarbeida og vedlikehalda planar.

Planverket bør difor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylla viktige mål .

Lovpålagde planar må prioriterast.

Planstrategien skal gje svar på fylgjande:

Kva endringar må/bør gjerast i eksisterande planar som skal vidareførast?

Kva planar kan vidareførast uendra?

Kva trengst av nye planar ?

Kva planar kan gå ut/nedgraderast?

Utfyllande forklaring om planverket og ulike plantypar er gjeve i **vedlegg 1**.





## 5.2 Kommuneplan 2013-24 .

Oppstilling nedanfor gjev eit oversyn over Vik Kommune sitt **planverk pr. 2012**.

I oppstillinga er teke med planar som ikkje er laga, men som *skal* utarbeidast i fylgje vedteke planprogram av 27.3.2012, og framlegg til revidert samfunnsdel.

<b>PLAN</b>	Plan er laga	Plan under arbeid	Plan skal lagast
<b>Kommuneplan.</b>			
Samfunnsdelen m. handlingsplan	x		
Arealdelen	x		
Økonomiplan og budsjett	x		
<b>Kommunedelplanar.</b> Pbl. §11-2			
Klima- og energiplan	x		
Hovudplan for Avløp	x		
Hovedplan Vassforsyning	x		
Kommunal plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	x		
Ruspolitisk handlingsplan	x		
Trafikktryggleiksplan for Vik kommune.	x		
Kulturminneplan for Vik kommune		x	
Delplan omsorg og helse			x
Kommunedelplan vegforvaltning.		x	
Strategisk plan for reisemålutvikling			x
Strategisk næringsplan		x	
Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde		x	
Kommunedelplan for små vasskraftverk			x
<b>Temaplanar</b>			
Brannordning for Vik	x		
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	x		
Kulturbyggplan	x		
Kjerneområde landbruk		x	
Hovudplan for skogsvegar		x	
Strategiplan for informasjons teknologi			x
Beredskapsplan for Vik kommune.	x		
Avfallsplan for kommunale havner	x		
<b>REGULERINGSPLANAR</b>			
Eiga oppstilling over gjeldande reguleringsplanar skal inngå i revidert arealdel av kommuneplanen.			

### 5.3 Vurdering av Vik Kommune sitt Planverk

I planstrategiarbeidet skal ein på grunnlag av ny kunnskap og endra behov gjera ei kritisk vurdering av eksisterande planverk, og vurdere behovet for revisjon og for evt. nye planar.

#### 5.3.1 Kommuneplan 2013-24

I kap. 4 over er viktige utviklingstrekk og utfordringar omtala og vurderte. Hovudtrekk:

- Mottak , busetting og integrering av eit stort tal flyktningar.  
Dette utløyser eit stort bustadbehov, og utfordrar kapasiteten i offentlege tenester.  
Busetting av flyktningar er venta å gje tilnærma uendra folketal ut valperioden.
- Mangel på eigna bustader og byggeklare tomter er ein flaskehals for utvikling og busetting.
- Vik går inn i ein periode med store *anleggsarbeid*, med oppstart på Goteviktunnelen i 2017.
- Forventa trongare kommuneøkonomi og negative prognosar for folketalutvikling på sikt..
- Kommunereforma kan gje vesentleg endra forutsetningar for overordna planar, dersom resultatet vert samanslåing med andre kommunar.

*Spørsmålet er om det trengst endringar i eksisterande planar, evt. nye planar, for å møta nye utfordringar og leggja til rette for ei utvikling i tråd med måla i kommuneplanen.*

#### Samfunnsdelen. Langsiktig del 2013-24

Samfunnsdelen m. handlingsdel vart vedteken i KS desember 2012.

Hovudmål i Kommuneplan av 2012 er å snu folketalutviklinga. Registrert utvikling siste åra syner at ein har lukkast eit stykke på veg, men det er langt att til målet om 2800 i 2024.

Dei underliggjande demografiske trekka med vedvarande fødselsunderskot og aukande del eldre gjer at berre *tilflytting* kan gje auke i folketalet.

Omtale av status og utfordringar er for ein del tema ikkje fullt dekkande for situasjonen i 2016.

Ei rekkje tiltak som er omtalte i planen er sette i verk, m.a. prosjektet «Velkomen til Vik», og kommunedelplanar for sektorane Helse og omsorg, og Skule og oppvekst.

Det er likevel ikkje noko i situasjonen no som tilseier behov for endringar i viktige mål og retningsliner i samfunnsdelen av 2012. Plandokumentet er framleis ein god styringsreiskap.

*Revisjon bør venta til resultatet av kommunereforma er klart for Vik Kommune sin del.*

#### Handlingsdelen 2013-16

Handlingsdelen er ikkje rullert/revidert etter 2012, slik Pbl.forutset

Mange tiltak i handlingsdelen er sette i verk og utførte, men mange er forseinka eller ikkje starta opp.

*Økonomiplanen* fyller langt på veg den rolla som handlingsdelen er tiltenkt, og frå 2017

er det forutsett at økonomiplanen vert tilpassa slik at han og kan reknast som som handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel..



## Arealdelen 2013-24 (KP 14)

Arealdelen vart vedteken i KS i 2014.

Spørsmålet er om planen treng å endrast i valperioden for å møta aktuelle utfordringar, og leggja til rette for ynskt utvikling.

\*Er det avsett nok areal og eigna areal til nye bustader, næringsformål, offentlege tenester og fellesgode? Til fritidsbustader?

\*Til framtidsretta løysingar for samferdsel?

\*Kan føresegner til planen gjerast betre som styringsreiskap for arealbruk?

\*Tek planen tilstrekkeleg omsyn til venta klimaendringar ?



### Tekstdokument

#### Innhald:

1. Bakgrunn, Rammer	s. 2
2. Planprosess	s. 4
3. Planomtala, Behovsvurdering.	s. 6
4. Konsekvensutgreiing.	s. 25
5. Planføresegner og retningslinjer	s. 33

#### 6. Vedlegg:

6.1 KJ og ROS for delområdet.
6.2 Strandsoneanalyse 2013
6.3 Kjetneområde Landbruk 2013
6.4 Plankart



## Arealstrategi

KS meiner at *strategiar for arealbruk* i kap.3 bør liggja fast som overordna føringar for arealbruken. Strategiane balanserer bruk og vern på ein god måte, og legg opp til å spara dyrka jord og redusera transportbehovet i tråd med nasjonale føringar og forventningar.

KS ser ikkje grunn til å gjera endringar i strategiar for arealbruk , i kap.3, KP 14

## Bustader

Areal avsett til bustadformål i KP 14 var forutsett å dekkja påreknna behov fram til 2024 i alle sokn.

Etter R si vurdering er dette framleis rett for alle sokner, med moglege unntak for hovudsoknet.

Erfaring syner at det tek lang tid å gjera avsette areal byggeklare.

I ein situasjon med forventta sterkt auka bustadbehov i sentrumsområdet er det behov for å avklara utbyggingsareal ut over 2024. Det vil og det vera ein styrke med ein noko større meny av areal.

Busetting av flyktningar utløyser åleine eit auka bustadbehov på 20-30 bustader dei neste 4 åra.

Det er grunnlag i lokale og nasjonale erfaringar til å hevda at kommunen må ta ansvar for å sikra eit langsiktig tomtetilbod.

Det er pr. i dag ikkje mangel på avsette areal, men manglande gjennomføring som hemmar utvikling av tomter og bustader. Det skal utarbeidast ein *bustadpolitisk handlingsplan*, der m.a. spørsmål om eit *kommunalt tomteselskap* skal vurdeast.

## Næringsareal

Behov for næringsareal er vanskeleg å forutseia. KP 14 syner næringsareal i alle sokn.

Der er ingen private initiativ for å regulera avsette næringsareal.

Vik Kommune har starta opp regulering av næringsareal på austsida av Vikja, og har i 2016 vedteke reguleringsplan for depot og masselage på Hesjaslettet.

Innmeldt behov/ynskje til Vik Kommune om næringsstomter i/nær sentrumsområdet overstig no det arealet som Vik kommune disponerer.

Forventa stor anleggsverksemd i Vik i neste 10-året vil truleg auka behovet for næringsareal, særleg i hovudsoknet. Med dei behov ein no ser, er ikkje avsette næringsareal i KP14 tilstrekkeleg . Mangel på eigna næringsareal i hovudsoknet kan innan kort tid verta ein hemsko for etablering og utvikling. Avsett areal til næring/industri på Vangsnes aust kan avlasta Vik sentrum. Regulering bør startast opp innan 1-2 år

#### Areal for offentlege tenester og fellesgode.

Med venta folketalutvikling er avsette areal til offentlege bygg og anlegg vurdert å vera tilstrekkeleg. Innsatsen må setjast inn på naudsynt oppfylgjing/gjennomføring av planen, med m.a. regulering av området rundt Feios skule og Vik Barnehage, og utviding og opprusting av uteområdet på Flatbygdi skule.

#### Areal for fritidsbustader.

Det er i KP 14 avsett store areal for fritidsbustader i alle sokn.

Etter R si vurdering er det ikkje behov for nye område no.

Det er registrert ein del ynskje om bygging av fritidsbustader i stølsområde.

Nybygging er i dag etter lova avgrensa til dei som har stølsrett og driv aktivt landbruk med beitedyr.

Det kan vera grunn til å vurdere om nokre stølsområde bør opnast for bygging av fritidshus/støl for eigarar/rettshavarar som ikkje driv aktivt med beitedyr.

#### Spreidd utbygging i LNF-område.

I eks. plan KP14 er tiltak i LNF område anna enn det som er knytt til landbruk, avhengig av dispensasjon. Retningsliner for slik dispensasjon er gjeve i kommuneplanen.

Retningslinene skal takast opp til vurdeing i samband med planrevisjonen.

Pbl. gjev høve til å opna nærare avgrensa område for spreidd utbygging utan dispensasjon, på visse vilkår. For nokre delvis utbygde område i kommunen kan det vera eit alternativ å vurdere.

#### Samferdsel. Vegar.

KP14 legg til rette for gjennomføring av dei store samferdselstiltaka på RV13 Goteviktunnelen, og Vikafjellstunnelen, så langt det er aktuelt i kommunale planar.

KP14 viser og alternative trasear for ein ny /omlagt veg frå RV 13 sør for Vik kyrkje til Vange bru.

Endeleg vegløyving skal avklarast i oppstarta reguleringsplan Vik sentrum sør.

Ved god framdrift i planarbeidet kan vegbygging samordnast med anleggsarbeidet i Goteviktunnelen. Omlegging av vegen opnar ei alternativ rute for massetransport til Bødalen, og vil gje uteområdet ved Flatbygdi skule eit løft.

#### Klimaendringar.

Kommuneplanen tek omsyn til varsla og forventa klimaendringar i tilstrekkeleg grad, etter R si vurdering.

#### Planføresegner.

R ser ikkje grunn for store endringar i planføresegner og retningsliner, ut over det som fylgjer av evt. endringar i plankartet. Det kan likevel vera grunn til ein kritisk gjennomgang av eksisterande føresegner og retningsliner i lys av erfaringar etter vedtak 2014.

#### ***Samla vurdering, kommuneplanen sin arealdel.***

*Arealdelen skal reviderat i valperioden, med oppstart tidleg i 2017.*

*Fokusområde for revisjonen bør vera nye område for bustader og for næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet.*

*Arealstrategi i KP14 skal liggja fast.*



## 5.3.2 Kommunedelplanar og temaplanar m.m.

Planar opplista i Kommuneplan 2013-24, samfunnsdelen

<b>Kommunedelplanar.</b> Pbl. §11-2	<b>Status /vurdering</b>
<b>Klima- og energiplan</b>	Sist. vedteken plan 2011. Bør reviderast 2017 Handlingsdel ikkje rullert sidan 2011.
<b>Hovudplan for Avløp</b>	Gjeldande plan frå 2001. Revidert 2012. Ikkje vedteken Handlingsdel ikkje rullert . Ny Hovudplan VA under arbeid v. Asplan Viak as. Venta ferdig 2017
<b>Hovedplan Vassforsyning</b>	Gjeldande plan frå 2001 Revidert 2012 Ikkje vedteken Handlingsdel ikkje rullert . Ny Hovudplan VA under arbeid v. Asplan Viak as. Venta ferdig 2017
<b>Kommunal plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv</b>	Revidert plan vedteken 2016. Årleg rullering av handlingsdel naudsynt for å få spelemidlar . Bør vurderast å leggja inn sti-og løypeplan ved neste revisjon.
<b>Ruspolitisk handlingsplan</b>	Revidert plan vedteken 2016. Krav til revisjon kvart 4.år Bør omdefinierast frå <i>delplan</i> til <i>temaplan</i>
<b>Trafikktryggleiksplan for Vik kommune 2012-16</b>	Sist vedtak 2012. Bør reviderast . Bør omdefinierast frå <i>delplan</i> til <i>temaplan</i>
<b>Kulturminneplan for Vik kommune</b>	Plan underarbeid. Venta ferdig 2017 Oppstarta 2011 som delplan etter Pbl.
<b>Delplan omsorg og helse</b>	Vedtak des. 2014. Ikkje behov for revisjon i valperioden. Handlingsdel skal rullerast 2017
<b>Kommunedelplan vegforvaltning.</b>	Plan under arbeid i regi av Teknisk adv. Venta ferdig 2017 Bør vera temaplan/sectorplan.
<b>Strategisk plan for reisemålvikling</b>	Ikkje oppstarta. Grunnlagsdokument/forstudie utarbeidd 2010. Bør utarbeidast som <i>temaplan</i> . Samandrag og viktige tiltak kan inngå som eige kapittel i strategisk næringsplan ved første revisjon.
<b>Strategisk næringsplan</b>	Vedtak 2014. Ikkje behov for revisjon i valperioden. Handlingsdel skal rullerast 2017.
<b>Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde</b>	Planvedtak gjort i alle kommunar 2016. Ingen behov for revisjon i valperioden.
<b>Kommunedelplan for små vasskraftverk</b>	Ikkje oppstarta. Kan gå ut/erstattast av ei utgreiing som grunnlag for eit avsnitt i revidert kommuneplan, arealdelen.

<b>Temaplanar</b>	
Plan for brannvernet i Vik v. Sogn Brann og redning.	Planvedtak i KS 2012. Revisjon: SBR . Ikkje fastsett tidspunkt for revisjon
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Vedtak KS 2013. Bør reviderast 2017
Kulturbyggplan	Vedtak KS 2002. Revisjon oppstarta 2015 i regi av Skule og oppvekst. Fokus på kulturbygg i sentrumsområdet. Bør reviderast innan 2017
Kjerneområde landbruk	Fagrappport 2005/2013. Grunnlag for arealdelen i kommuneplanen. Framlagd i KS juni 2013 . Bør reviderast/oppdaterast 2017, som grunnlag for revisjon av arealdelen
Hovudplan for skogsveggar	Under arbeid. Pårekna ferdig i 2017
Strategiplan for informasjons-teknologi	Vedteken i KS 3.6.2016
Beredskapsplan for Vik kommune.	Vedteken KS 15.3. 2010 Revisjon er starta . Vedtak revidert plan venta 2017.
Avfallsplan for kommunale havner	Vedteken KS 2007 . Utdatert. Bør reviderast 2017

### Andre og nyare planar.

Nokre eksisterande planar pr. 2012 var ikkje med i oppstillinga i samfunnsdelen 2012.

Nokre planar har komme til etter 2012. Nokre planar er aktuelle å laga.

Nedanfor fylgjer oppstilling over slike planar.

<b>Kommunedelplanar</b>	
Delplan Skule og oppvekst.	Godkjent KS 2014 Behov for revisjon i valperioden: Supplerast med nye kapittel om tema: barnehagar og den kulturelle skulesekken. Handlingsdel rullerast 2017
<b>Temaplanar, o. l.</b>	
Psykatriplan 2007-2012	Godkjent KS 2007. Tema dekkja i delplan Helse og omsorg. Kan gå ut.
Plan for den kulturelle skulesekken 2012-15	Godkjent 2012 . Bør gå ut som eigen plan. Tema bør leggjast inn i delplan skule og oppvekst som eige kapittel ved første revisjon.
Strandsoneanalyse for Vik Kommune	Fagrappport 2013. Grunnlag for arealdelen til kommuneplanen. Framlagd i KS 2013 Behov for oppdatering før revisjon av arealdelen vurderast.
Forvaltningsplan for Hjortevilt	Under arbeid. Venta ferdig 2017
Smittevernplan	Godkjent 2005 Utgått på dato. Bør reviderast.
Strategi for SMIL- og NMSK-midlar Vik Kommune	SMIL= Spesielle Miljøtiltak i Landbruket. NMSK= Nærings og Miljøtiltak i SKogbruket SMIL -delen sist revidert 2015. Rev. Kvart 4. år NMSK delen sist vedteken 2009. Behov for revisjon.



### 5.3.4 Reguleringsplanar

Det er registrert 89 godkjende reguleringsplanar i Vik Kommune pr.1.12.2016.  
4 nye planar er under arbeid. Av desse er 1 privat.

Mange eldre planar er forelda og ueigna til å styra arealbruken.  
45 planar er 10 år eller meir, og kan ikkje brukast som heimel ved oreigning.  
Nokre er dekkja av nyare reguleringsplanar, men er ikkje formelt oppheva.  
Det bør innan valperioden gjerast ein gjennomgang med tanke på :

- Oppheva utdaterte/uaktuelle planar.
- Identifisera planar/område der nyregulering/omregulering bør prioriterast.

Vik Kommune bør næraste åra prioritera reguleringsplanar som er viktige for å klargjera utbyggingsareal for bustader og næringsareal, og depotareal og infrastruktur for dei store veganlegga .

#### Fullføra oppstarta planar:


- Bustadområde Tenål
- Næringsareal Vikja austside
- Vik sentrum sør. Avklaring av areal for Vik Fengsel og vegføringar i området, m.m.

#### Nye reguleringsplanar i kommunal regi:

- Bustad - og skuleområde Feios
- Industriområde Vangsnes aust.

#### **Digitalt planarkiv.**

Digitalt planarkiv var oppretta i 2005 og oppgradert i 2012.  
Det er behov for rettingar og oppdatering av arkivet.  
Arkivet skal vera oppdatert innan 2017.



## 6 Endringer/tiltak i Vik kommune sitt planverk 2016-19.

R= Rådmannen sin stab PF= Plan og Forvaltning SK= Skule og oppvekst HO= Helse og omsorg TD= Teknisk Drift

PLAN	Sist godkjent/rev.	Tiltak	Ansvar
<b>Kommuneplan.</b>			
Samfunnsdelen . Langsiktig del	2012	-	-
Handlingsdelen	2012	Rev. 2017	R/PF
Arealdelen	2014	Oppstart rev. 2017	R/PF
Økonomiplan og budsjett	2016	Årleg rullering.	R
<b>Kommunedelplanar. Pbl. §11-2</b>			
Kommunedelplan for Idrett, fys. Akt. og friluftsliv	2012	Årleg rullering	R
Delplan Skule og Oppvekst	2014	Rev.2017. Tema Barnehagar og Den kulturelle skulesekken inn.	SO
Delplan helse og omsorg	2014	Rullering 2017	HO
Strategisk næringsplan	2014	-	R
Hovudplan for Vatn og Avløp (VA-plan)	-	Ferdigstilling. Vedtak 2017	TD
Kulturminneplan for Vik kommune	-	Ferdigstilling. Vedtak 2017	PF
Klima- og energiplan	2011	Rev.2017	PF
Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde	-	-	R/PF
<b>Temaplanar</b>			
Plan for brannvern i Vik v.SBR	2012	Rev 2018.	SBR
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	2013	Rev.2017/18	R
Kulturbyggplan	2002	Rev.2017	SO
Kjerneområde landbruk	2005/12	Rev.2017	PF
Ruspolitisk handlingsplan	2012	-	R
Beredskapsplan for Vik kommune.	2010	Rev. 2017	R
Trafikktryggleiksplan for Vik kommune 2012-16.	2012	Rev. 2017	R
Avfallsplan for kommunale havner	2007	Rev. 2017	TD
Strandsoneanalyse for Vik kommune	2013	-	PF
Strategi for SMIL-midlar (landbruk)	2015	-	PF
Strategi for NMSK- midlar (skogbruk)	2009	Revisjon 2017	PF
Smittevernplan	2005-2008	Revisjon 2017	HO
Strategiplan for informasjons teknologi	2016	-	R
Bustadpolitisk handlingsplan	Oppstarta	Ferdigstilling 2017	R
Strategisk plan for reisemålutvikling	Ny	Oppstart 2018	R
Hovudplan for skogsvegar	Oppstarta	Ferdigstilling 2017	PF
Forvaltningsplan for hjortevilt	Oppstarta	Ferdigstilling 2017	PF
Forvaltningsplan for kommunale vegar.	Ny	Ferdigstilling 2017	TD
Skulebruksplan	Oppstarta	Ferdigstilling 2017	R
<b>Reguleringsplanar</b>			
Prioriterte oppstarta reguleringsplanar - Tenål. Bustadfelt - Vikja-Seimsvegen. Næringsareal m.m. - Vik sentrum sør Vik Fengsel m.m.		Ferdigstilling 2017 Ferdigstilling 2017	
Prioriterte nye reguleringsplanar: - Bustad- og skuleområde i Feios. - Industriområde Vangsnes		Oppstart 2017 Oppstart 2018	PF
Plan for oppheving /revisjon av eldre planar	-	Oppstart 2017	PF
Oppdatering av digitalt planarkiv		Innan 2017	PF



## Vedlegg 1


### Vik Kommune sitt planverk.

Som andre kommunar har Vik mange planar både for arealbruk og for ulike verksemdsområde.

Mange dei er lovpålagde. Planar er ein reiskap for å setja politikk ut i praksis.

Viktigaste lovgrunnlaget for det kommunale planverket er Plan og bygningslova (PBL) og kommunelova (KL).

Planverket utgjer eit *hierarki*. Figuren under syner tilhøvet mellom ulike planar i prinsipp. Sirklane syner kritiske punkt.



Under følger ein kort omtale av dei viktigaste plantypene.

### **Kommuneplanen** Lovpålagt. Lovheimel: PBL.

Består av:

#### **1 Samfunnsdelen.**

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar. Vik: 12 års planperiode

#### **2 Arealdelen :**

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen.

Vik: 12 års planperiode

#### Utarbeiding og revisjon:

Krav til planprogram (Pbl § 4-1) og medverknad. 6 vekers høyringsfrist.

Behov for revisjon vurderast kvart 4.år i kommunal *Planstrategi*.

#### **3 Handlingsplan til samfunnsdelen:**

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen

Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet .

## **Kommunedelplanar** . Lovheimel PBL

Utarbeidast ved behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen .

Det er to slags delplanar:

- 1 Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst.
- 2 Delplanar for arealbruk. T.d. for tettstader i kommunen

Alle delplanar skal ha ein **handlingsdel** som skal reviderast/rullerast kvart år.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen.

## **Temaplanar, Sektorplanar, fagplanar.**

Planar utarbeidde etter anna lovverk enn PBL

Omfattar planar som er laga for å fylgja opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar, fagplanar. Døme: Ruspolitisk handlingsplan.

### Utarbeiding og revisjon:

Kommunen står fritt til å fastsetja opplegg for utarbeiding og medverknad ut frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og evt. føringar i aktuelt lovverk.

Vert lagt fram til politisk godkjenning i Kommunestyret .

Behov for revisjon vert vurdert i *kommunal planstrategi* kvart 4. år.

## **Økonomiplan og årsbudsjett.** Lovheimel: Kommunelova

Økonomiplanen . 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden , med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen.

Årsbudsjettet 1 års planperiode

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret.

Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

## **Reguleringsplanar** Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar:

- Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljering
- Detaljreguleringsplanar. Høg detaljeringsgrad, vanlegvis mindre område

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen

Detaljregulering kan gjerast av kommunen, eller private. Kommunen kan avvisa private planframlegg som er i strid med overordna plan.

Utarbeiding og handsaming er styrt av PBL.